



**VOLDA KOMMUNE**  
**Avdeling for dokumentasjon og service**

Til utviklingsavdelinga for vidare arbeid,

Regine Solberg Aklestad

Vår referanse  
21/533 21/4948

Din referanse

Sakshandsamar  
Sonja Håvik

Dato  
03.03.2021

**Varsel om oppstart og offentleg ettersyn av planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel**

Formannskapet har i møte 02.03.2021, sak 24/21, fatta følgjande vedtak:

Volda formannskap vedtek å starte opp arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel, jf. plan- og bygningslova §§ 11-2 og 11-12. Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13. Offentleg ettersyn skal vere i minst seks veker.

Med helsing

Sonja Håvik  
førstekonsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikke signatur

Mottakar  
Regine Solberg Aklestad



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/21	Formannskapet	02.03.2021

### Varsel om oppstart og offentleg ettersyn av planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel

#### Samandrag:

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsigtige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 11-2. I Volda kommune sin planstrategi 2020–2021 vart det vedteke at ein skulle starte på ny samfunnsdel i 2021.

Med bakgrunn i planstrategien vert det no lagt fram eit forslag til planprogram for samfunnssdelen, jf. pbl § 4-1. I planprogrammet er det gjort greie for siktemålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltagarar og opplegg for medverknad. Planprogrammet inneheld også framlegg til hovudtema i planen.

Kommunen vil varsle om oppstart av planarbeid. Framlegg til planprogram skal sendast på høyring og offentleg ettersyn jf. pbl § 11-13. Fristen for å gje innspel skal vere minst seks veker.

#### Formannskapet 02.03.2021:

#### Behandling:

Planleggar Regine Solberg Aklestad orienterte.

#### Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samråystes vedteken.

#### FSK- 24/21 Vedtak:

Volda formannskap vedtek å starte opp arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel, jf. plan- og bygningslova §§ 11-2 og 11-12. Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13. Offentleg ettersyn skal vere i minst seks veker.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Volda formannskap vedtek å starte opp arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel, jf. plan- og bygningslova §§ 11-2 og 11-12. Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13. Offentleg ettersyn skal vere i minst seks veker.

**Vedlegg:**

Planprogram Samfunnsdelen\_høyningsutkast 19 02 2021

Statistikk og utviklingstrekk\_Volda kommune 2020

**Saksopplysningar:**

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen til tidlegare Hornindal kommune vart vedteke i 2004, og samfunnsdelen til tidlegare Volda kommune vart vedteke i 2016. I 2020 vart Volda og Hornindal kommunar slått saman, og det vart gjort ei grensejustering med Ørsta kommune, slik at bygdene Bjørke og Viddal også høyrer til i den nye kommunen. Etter kommunesamanslåinga er det behov for ein ny, felles kommuneplan for den nye kommunen. I Volda kommune sin planstrategi 2020–2021 vart det vedteke at ein skulle starte på ny samfunnsdel i 2021.

Samfunnsdelen vil legge føringar for vidare arbeid med kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar, temaplanar, handlingsplanar og økonomiplanen. Det er eit mål i denne prosessen å få til ein sterkare og betre kopling til desse prosessane og dokumenta, slik at kommuneplanen sin samfunnsdel vert eit tydeleg strategisk styringsdokument, slik det vert lagt opp til i plan- og bygningslova. Volda kommune har begynt å ta i bruk Framsikt, eit digitalt verkty for analyse, planlegging, budsjettering, rapportering og verksemderstyring. Kommuneplanen sin samfunnsdel vil utarbeidast i Framsikt og publiserast som ei webside.

**Om planprogram**

Om planprogram i plan- og bygningslova, § 4-1: «Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltagere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart.»

Planprogrammet si hovedoppgåve er å tydeleggjere kva som skal handsamast i kommuneplanen, avklare kva tema kommuneplanen skal konsentrere seg om og å synleggjere kva kunnskap som er naudsynt for avgjerd om plan. Det er viktig å legge til rette for ein open medverknadsprosess og sikre god politisk forankring av planen slik at den kan bli eit styrande politisk dokument. Planprogrammet skal fastsettast av kommunestyret.

**Forarbeid og hovedtema**

Kommunal planstrategi for Volda kommune 2020–2024 inneheld føringar for vidare arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel. I arbeidet med planstrategien vart det starta opp ein prosess knytt til FN sine berekraftsmål. Alle berekraftsmåla skal ligge til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. I planstrategiprosessen vart det valt ut sju prioriterte berekraftsmål;

- Mål 17 - Samarbeid for å nå måla
- Mål 16 - Fred, rettferd og velfungerande institusjonar
- Mål 13 - Stoppe klimaendringane
- Mål 3 - God helse og livskvalitet
- Mål 4 - God utdanning
- Mål 9 - Industri, innovasjon og infrastruktur

- Mål 11 - Berekraftige byar og lokalsamfunn

Dei prioriterte berekraftsmåla representerer alle dei tre berekraftsdimensjonane; økonomi, miljø og sosiale forhold. Sjølv om kommunen har valt å prioritere utvalte mål, vil det vere viktig å ta i vare alle dei tre dimensjonane, og sjå samanhengen mellom måla. Det er samanhengen mellom måla og dei tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig. Volda kommune ynskjer å bruke samskaping aktivt som metode for å utvikle lokalsamfunnet, løyse konkrete utfordringar og arbeide i lag mot felles mål.

Dei sju prioriterte berekraftsmåla er nytta som hovudtema i planprogrammet. Planstrategien peikar på utfordringar og moglegheiter knytt til dei ulike måla. I arbeidet med samfunnsdelen vil det vere viktig å diskutere korleis ein skal møte desse utfordringane, og kva mål og strategiar kommunen ynskjer å sette for framtidig utvikling. Planprogrammet inneheld aktuelle problemstillingar som er aktuelle å diskutere i planprosessen.

I samband med planstrategiprosessen vart det utarbeidd eit dokument «Statistikk og utviklingstrekk». Saman med folkehelseoversikta er dette viktige kunnskapsgrunnlag også for samfunnsdelen.

### **Medverknad og framdrift**

Organisering, framdriftsplan og opplegg for medverknad er omtala i kapittel 5 i planprogrammet.

### **Vurdering og konklusjon:**

I Volda kommune sin planstrategi 2020–2021 vart det vedteke at ein skulle starte på ny samfunnsdel i 2021.

Med bakgrunn i planstrategien vert det no lagt fram eit forslag til planprogram for samfunnsdelen, jf. pbl § 4-1. I planprogrammet er det gjort greie for siktemålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, og opplegg for medverknad. Sju prioriterte berekraftsmål er nytta som hovudtema i planprogrammet.

Kommunen vil varsle om oppstart av planarbeid. Framlegg til planprogram skal sendast på høyring og offentleg ettersyn jf. pbl § 11-13. Fristen for å gje innspel skal vere minst seks veker.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende konsekvensar.

Konsekvensar for folkehelsa: Folkehelse er tema i planprogrammet.

Miljøkonsekvensar: Miljø er tema i planprogrammet.

Økonomiske konsekvensar: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har tildelt Volda kommune 500 000 kr i skjønnsmidlar til utarbeiding av kommunal planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel. Personalressursar kjem i tillegg. Det er ikkje avdekt behov for meir midlar ut over dette.

Beredskapsmessige konsekvensar: Beredskap er tema i planprogrammet.

Konsekvensar for barn og unge: Det er ynskjeleg å inkludere barn og unge i planprosessen.

**Utskrift av endelig vedtak:**

Rune Sjurgard  
kommunedirektør